

# FORMIDLINGSPLAN FOR JÆRMUSEET

Gjeld perioden  
01.01.2012 til 31.12.2014



## **Innhald**

<b>Innleiing .....</b>	<b>3</b>
<b>1. Generelle føringer for formidlingsarbeidet .....</b>	<b>4</b>
1.1 Formidling i museum.....	4
1.2 Formidling i Jærmuseet .....	4
1.3 Formidlingsressursar .....	6
1.4 Målgrupper .....	7
1.5 Tema ved anlegga .....	8
1.6 Utstillingar .....	10
1.7 Pedagogiske opplegg .....	11
1.8 Aktivitetar .....	12
<b>2. Formidling ved dei ulike anlegga.....</b>	<b>13</b>
2.1 Vitenfabrikken.....	13
2.2 Vitengarden .....	15
2.3 Science Circus.....	16
2.4 Tungenes fyr.....	17
2.5 - 2.11 Temamusea .....	18
2.5 Varden Sjøredningsmuseum.....	18
2.6 Grødaland .....	19
2.7 Haugabakka .....	20
2.8 Limagarden (og anlegga rundt Limavatnet).....	21
2.9 Vistnestunet.....	22
2.10 Flyhistorisk Museum Sola .....	23
2.11 Rogaland Krigshistorisk Museum .....	24
2.12 Garborgsenteret.....	26
<b>3. Sambandet mellom forsking og formidling.....</b>	<b>27</b>
<b>4. Publikasjonar .....</b>	<b>27</b>
4.1 Årboka .....	27
4.2 Andre publikasjonar .....	27

## Innleiing

Jærmuseet er regionalt museum for kommunane Randaberg, Sola, Klepp, Time, Hå, Gjesdal og Sandnes, med ulike anlegg i alle desse kommunane. Det er dessutan regionalt vitensenter med ansvar for Rogaland og Agderfylka og skal skape nysgjerrigkeit og interesse for realfag. Denne kombinasjonen av museum og vitensenter gir Jærmuseet særlege utfordringar og mulegheiter. Kjerneaktiviteten i eit vitensenter er populærvitskapleg formidling gjennom interaktive utstillingar og eksperiment, og den pedagogiske verksemda vil ha eit sterkare fokus i eit vitensenter enn i eit tradisjonelt museum.

Men den historiske og regionale forankringa som regionmuseum gir ekstra styrke og fagleg tyngd til vitensenteravdelingane våre. Musea sin tilgang til og kunnskap om dokumentasjon, innsamling, samlingar, historie- og tradisjonskunnskap inneber at institusjonen lettare kan formidla naturvitenskap og teknologi innanfor ei historisk, kulturell og almenndannande ramme.

Jærmuseet sin formidlingsplan er ein del av museet sitt planarbeid for å systematisera, samordne og kvalitetssikra verksemda. Planen vedkjem både tilsette, styret for museet, venneforeningar, vertskommunar, sponsorar og andre eksterne samarbeidspartar.

Formidlinga dekker både utstillingar, undervising for skuleklassar og andre pedagogisk tilrettelagde opplegg for barn og unge, lærarkurs, opne aktivitetsdagar og andre arrangement for publikum.

Denne formidlingsplanen bygger på museet sine mål uttrykt i vedtekter, strategiplan, tidlegare formidlingsplan frå 2009 samt marknadsplan. I tillegg kjem overordna føringar som stortingsmeldingar, tilskotsbrev frå Kulturdepartementet, vitensenterprogrammet, fylkeskulturplan for Rogaland, overordna føringar for Kystverkmusea og relevante kommunale planar.

Formidlingsplanen er todelt: ein overordna del og ein oppsummerande tiltaksplan til slutt. Planperiode for del 1 er 3 år frå 01.01.2012 til 31.12.2014, medan tiltaksplanen har ei årleg rullering i samband med budsjetthandsaminga og skal manifestera seg i planane for verksemda.

Per 1.januar 2012 har Jærmuseet ansvaret for 13 formidlingsarenaer fordelt på alle dei sju stiftarkommune i Jærmuseet. (Jfr. kart). (Kjem seinare)

## 1. Generelle føringar for formidlingsarbeidet

I Stortingsmelding nr. 49/2008-2009 *Framtidas museum* er det sagt at musea skal ha som hovudmål å:

*"nå publikum med kunnskap og opplevelse og være tilgjengelig for alle. Det innebærer målrettet tilrettelegging for ulike grupper og aktuell formidling som fremmer kritisk refleksjon og skapende innsikt"*<sup>1</sup>

Formidlinga skal vera kritisk og nyskapande både når det gjeld tematikk og virkemidlar. Dessutan skal musea stø opp under sentrale verdiar som samfunnet vårt byggjer på, auka folks attrå etter kunnskap, og fremja toleranse.<sup>2</sup> Den same storingsmeldinga tek også opp vitensentra, og framhevar både Vitengarden og Vitenfabrikken i måten vitenserpedagogikken er forankra i museet sin kulturhistoriske kontekst og tematikk. Kombinasjonen blir sett på som ein metode for å heva kvaliteten i både museet og i vitensenteret.<sup>3</sup>

Jærmuseet har dermed eit godt utgangspunkt, utfordringa framover blir å ikkje stagnera, men å vidareutvikla formidlingsmetoden og å organisera tema ved dei ulike anlegga slik at ein oppnår ein god synergি for institusjonen samla sett. Denne planen er meint å vera eit steg på vegen.

### 1.1 Formidling i museum

I formidlinga overfører museet kunnskap, og kunnskapen går frå institusjonen til ein eller fleire mottakarar. I *Framtidas museum* blir det understreka at musea skal utviklast til museumsfaglege kunnskapssentra og profilerte samfunnsinstitusjonar. Me skal styrka vår faglege profil og ha som hovudmål å:

- Heva kvaliteten på **forvaltninga** av samlingane.
- Driva **forsking** og kunnskapsutvikling for å oppnå eit fagleg grunnlag for innsamling, dokumentasjon og formidling.
- Driva ei **formidling** som når publikum med kunnskap og opplevelingar.
- **Fornya** oss gjennom fagleg utvikling, nytenking og profesjonalisering.

Det skal dermed vera ein sterk samanheng mellom fagleg profil til museet, innhald i samlingar, forsking og kva institusjonen bør formidla.

### 1.2 Formidling i Jærmuseet

#### Overordna mål:

Jærmuseet er ein vitskapleg institusjon som skal dokumentera regionen si historie gjennom innsamling, bevaring, forsking og formidling. Museet skal invitera publikum til opplevelingar, deltaking, utforskning, diskusjon og kritisk refleksjon, og særleg stimulera barn og unge si nysgjerrigheit, utforskarkrong og samfunnengasjement.

---

<sup>1</sup> St.meld. nr. 49: 13

<sup>2</sup> St.meld. nr.49: 102

<sup>3</sup> St.meld. nr.49:110

Jærmuseet skal bidra til å fremja lokal identitet og forankring, og samtidig oppmoda til vidsyn og tvisyn, til interkulturell dialog og internasjonal orientering.

Museet skal skaffa fram ny kunnskap om regionen innanfor dei tema museet har definert eit særskilt dokumentasjonsansvar for, med særleg vekt på samtid og nær fortid, og driva aktiv forvaltning av innkomne samlingar.

Jærmuseet skal nå ut til ulike målgrupper både gjennom utstillingar og andre publikumsaktivitetar på anlegga våre, samt digital formidling av samlingar og historier.

Museet sin forretningside oppsummerer dette slik:

*"Jærmuseet er ein møtestad mellom natur, kultur og teknologi. Jærmuseet forvaltar og produserer kunnskap og formidlar kunnskapsbaserte opplevingar."*

**Motto: Opplev delta utforsk!**

### **Etableringa av faste formidlingslokale**

I 1986 vedtok Jæren Museumsråd at hovudsetet for det nye regionmuseet skulle ligga på Kvia i Hå kommune.

Hå kommune løyste inn tomegrunn på 56 da samt det gamle tunet på nabogarden Audamotland. Det gamle gardstunet på Kviagarden var ferdig restaurert kring 1991 og det vart då etablert ei enkel gardsdrift med husdyr og dyrkingsareal.

I 1995 opna 1. byggesteg av det nye museumsbygget, men det var først i 2002 at utstillingshallen blei reist og ein kunne ta til å bygga meir permanente basisutstillingar.

Jærmuseet var derfor lenge eit "utandørsmuseum" der storparten av formidlinga var bygd på aktivitetar og undervising knytt til garden, husdyra og gardsarbeidet. Publikum skulle læra ved å gjera.

I ti-års perioden 2002- 2012 har Jærmuseet gradvis overtatt drifts- og formidlingsansvaret for dei fleste lokal- og spesialmusea i dei sju stiftarkommunane.

Nå er institusjonen også regionalt vitensenter for fylka Rogaland og Agder, og vitensenterpedagogikken er ein viktig metode i formidlinga, anten det er inne eller ute. Det er ei felles forståing at ein i formidlinga ved museet skal:

- Vera medviten om at museet si oppgåve er å ta vare på og forvalte Jæren si natur- og kulturhistorie.
- Bruka vitensenterpedagogikk og ha fokus på aktiv deltaking, besøkande skal læra ved å gjera.
- Fremja kritisk refleksjon og utfordra dei besøkande både intellektuelt og emosjonelt.

Jærregionen er prega av sterk tilflytting både frå andre delar av landet og ikkje minst, frå mange ulike nasjonar. Gjennom formidlinga kan museet vera med på å skapa tilhøyre og identitet for nye jærbuar. Dette gir makt, museet er ein dialoginstitusjon som gjennom forsking, forvaltning og formidling er med på å definere kva som er den jærske identiteten, kva som skal hugsast og kva ein kjem til å gløyma.

Formidlinga ved institusjonen skjer på ulike måtar, hovudsakleg:

- Utstillingar, permanente og temporære.
- Organisert undervising av skuleklassar eller andre grupper.
- Aktivitetsdagar og arrangement, eigne eller i samarbeid med eksterne aktørar.
- Digital og nettbasert formidling.
- Eigen bokproduksjon og publisering i eksterne tidsskrift.

Utfordringar for formidlinga i planperioden blir først og fremst å halda på publikumsappellen og merkevara som Jærmuseet alt har bygd opp. For å få det til må institusjonen vidareutvikla og fornya formidlinga gjennom å:

- Spissa og dyrka det særeigne ved dei enkelte anlegga, sy dette saman til ein heilskap som til saman formidlar Jæren si kultur- og naturhistorie.
- Delta aktivt i faglege nettverk.
- Betra overføringa og utvekslinga av kunnskap internt i organisasjonen.
- Utvikla eigen kunnskap og nytta det som basis i formidlinga.
- Evaluera formidlinga, driva publikumskartlegging.

#### Tiltak:

- Legga til rette for samarbeid og kunnskapsoverføring i Jærmuseet ved å ha minst tre formidlingsprosjekt med deltagarar frå ulike avdelingar (utstilling, undervisning og digital formidling).
- Det skal etablerast faggrupper på tvers mellom avdelingane,
  - utstillingsgruppe
  - Undervisingsgruppe
  - Nettformidling
  - Arrangement og kulturprogram
- Formidling skal vere tema på minst to personalmøte i året.
- Tilsette som arbeider med formidling skal delta på relevante kurs.

Leiargruppa har ansvaret for å gjennomføra tiltaka.

### 1.3 Formidlingsressursar

Alt når publikum skal kjøpa billett møter publikum frontpersonalet vårt som fortel om tilboda ved institusjonen, ved dei ulike anlegga er det vertar som tek imot og formidlar noko til publikum, og personalet i kafeen har og ei viktig rolle som formidlarar av det museet ynskjer å stå for.

Korleis ein skal utvikla, bygga opp og formidla utstillingar blir ved Jærmuseet bestemt av ei breitt samansett gruppe, det er også mange som er involvert når ein skal ta imot grupper eller arrangere aktivitetsdagar, eller på ulike måtar publiserar på nettsider eller i tidsskrift. Både utstillingstema og anna formidling skal vera forankra i overordna mål for institusjonen og den enkelte avdelinga.

I dei siste åra har museet hatt ein auke i talet på publikum, i 2010 var besøka fordelt slik:

	Viten-garden	Viten-fabrikken	Hå BM	Gjesdal BM	Klepp BM	Randa-berg	Tungenes	Science Circus	Fly Museet**
Skular	11 618	11 409	958	1 902	14	1 993	4	5 539	212
Andre	27 634	44 275	1 965	973	322	1 660	13 266	5 048	18
Totalt*	43 828	63 238	3 019	2 929	736	3 711	16 500	10 587	230

Tabell 1. Besøkande på dei ulike anlegga i Jærmuseet.

\*Her er også talet for utleige og publikum tekne imot av frivillige rekna med

\*\* Tala for Flyhistorisk Museum Sola gjeld formidling som Jærmuseet har hatt ansvar for

I 2010 var det 144 778 som besøkte museet, då hadde nokre anlegg nedgang frå året før, andre hadde ein oppgang. Aktiviteten har vore høg. Legg ein opp til eit for høgt nivå vil det gå utover kvaliteten på tilboda og slite på dei tilsette. Med dei ressursane Jærmuseet har i dag, er det ei realistisk målsetjing å halde på nivået frå 2010 for både Vitengarden og Vitenfabrikken. Det er rom for ytterlegare auke på dei lokale anlegga, men her må ein tilpassa bruken etter behovet for vern og ressursar. Garborgsenteret vil komme i drift i planperioden og gi ein auke i det samla talet på besøkande.

For å halda oppe talet på besøkande skal institusjonen gjennomføra desse tiltaka i planperioden:

- Prioritera opplæring og utvikling av omvisarar og skrankepersonell. Særleg gjeld det vertar som arbeider ved institusjonen i helger og feriar.
- Gå gjennom dei lokale anlegga for å vurdera kor mykje slitasje og publikum anlegga kan tåla, og kva tiltak ein må setta i verk for å unngå skadar.
- Vurdera om formidlingspersonale bør styrkast innanfor enkelte område, prioritera ei slik styrking under føresetnad av auka ressursar .
- Prioritera midlar til fornying og vidareutvikling av utstillingar, prioritera mellom anlegga.
- Meir organiseringa av formidlinga på tvers i organisasjonen, for å få meir effektiv utnytting av dei samla ressursane og sikra betre kunnskapsoverføring og erfaringsutveksling mellom ulike avdelingar og anlegg.

#### **1.4 Målgrupper**

Besøkande tileignar seg kunnskap på ulike måtar. For at museet skal nå inn til kvar enkelt besøkande må me kommunisera med dei på ein måte dei forstår – tilpassa kvar enkelt. For å vita korleis me skal kommunisera med publikum må me vera medvitne om kven som er museet sine hovudmålgrupper.

Barn og unge har sidan Jærmuseet vart stifta vore ei viktig målgruppe, deriblant skular og barnehagar. I 2010 utgjorde skular og barnehagar 23% av alle besøkjande. Samstundes ønskjer museet å appellera til folk flest. Eit nært samarbeid med det lokale organisasjonslivet har mellom anna stått sterkt over lang tid. I dei seinare åra har det utvikla seg eit syn på at anlegga skal vera mest mogleg tilgjengelege for alle – både for funksjonsfriske og dei med nedsett funksjonsevne. Nedslagsfeltet til Jærmuseet er først og fremst blant dei som bur i Jærregionen, frå Randaberg i nord til Dalane i sør. St. meld 49 (2008-2009) *Framtidas museum* slår fast at: "*Det er et overordnet mål at museene gjenspeiler det samfunnet de er en del av*". Regionen Jærmuseet opererer i er i stor grad ein internasjonal region med eit mangfold av minoritetar. Museet skal vidareutvikla avdelingane sine formidlingstilbod i samsvar med dette.

For planperioden er følgjande hovudmålgrupper valt:

- Barn og unge
- Lag og foreiningar

- Minoritarar
- Innbyggjarar lokalt og regionalt

Dette gjeld Jærmuseet generelt. For enkelte anlegg er målgruppene spissa enno meir.

Målet er å kommunisera effektivt med målgruppene. Me må skapa eit samsvar mellom det me gjer, ressursane me har til rådvelde og kva slags formidlingsmetode me nyttar. Då vil me vera tiltrekkjande for det publikummet me ønskjer å nå.

#### Tiltak:

- Museet vil i sitt formidlingsarbeid velja målgrupper for ulike anlegg, tiltak og tema.
- Museet sin kompetanse må samsvara med de valte målgruppene.
- Museet vil trekka målgruppene inn i planlegginga av ulike formidlingstiltak, og legga vekt på medverknad.
- Museet vil ved evaluering av dei ulike formidlingstiltaka vurdera samsvaret mellom planlagd målgruppe og oppnådd resultat.
- Museet vil overvaka utviklinga i besøket for å sjå om formidlinga er tilpassa interessa til dei ulike målgruppene.

## 1.5 Tema ved anlegga

### Den regionale og kulturelle forankringa

Jordbruk og industri har vore bærebjelkane i næringslivet i Jærregionen i moderne tid. Og ikkje minst har samspelet mellom desse næringane vore ei drivkraft i den regionale økonomiske og kulturelle utviklinga. Det er denne historia som har gitt opphavet til førestillingane om "den driftige jærbuen". Slik jordbruk og industri har vore komplementære næringar, er Vitengarden på Nærbø, med fokus på dei grøne og "jordnære" naturvitenskapane, og Vitenfabrikken i Sandnes – med sitt utgangspunkt i byhistoria for Sandnes og den regionale industrihistoria, komplementære avdelingar som tilsaman dokumenterer og formidlar denne historia.

Jæren er ikkje berre "Flat-Jæren". Mot aust går den flate og treberre morenesletta over i eit meir kupert landskap – Høg-Jæren og "fjellbygdene" i Sandnes, Time og Gjesdal. Her var det tilgang til store utmarkbeite for sau, og jamvel vaks her tre av ulike slag, som skapte grunnlag for husflid og handverk, og endå til vasskraft som la til rette for industristader som Ålgård og Oltedal.

Jæren har også fostra opp ein av Noregs viktigaste forfattarar og målmenn, Arne Garborg. Saman med kona Hulda sette dei djupe spor etter seg i framvoksteren av det moderne Noreg. Garborgsenteret formidlar arva etter ekteparet Arne og Hulda Garborg, og har samstundes driftsansvaret for jærhusa Garborgheimen og Knudaheio.

Natur, næringsgrunnlag og kultur i jærregionen byr på variasjonar og kontrastar mellom hav og hei, mellom by og land. Dei tidlegare bygdemusea som Jærmuseet har overteke driftsansvaret for, er i stor grad knytte til denne lokale historia. Anlegga på

Grødalstrand, Haugabakka, Limagarden og Vistnestunet har føresetnader og potensiale til å (vidare)utvikla eigne særtrekk samstundes som dei formidlar den lokale historia.

Det er eit overordna mål for perioden å utarbeida ein plan for spissing av tema på dei fire anlegga og setja denne i verk for eit anlegg om gongen. Planen skal omfatta både bygningar, tun og hagar.

Stor aktivitet på Sola flystasjon og den sivile flyplassen på Sola har sett sitt preg på Solasamfunnet gjennom mange år. Den sivile flyplassen som blei opna i 1937 og gjorde Sola til eit utsett krigsmål under 2. verdskrig. Dei to temamusea Flyhistorisk Museum Sola og Rogaland Krigshistorisk Museum dokumenterer og formidlar denne delen av regionen si historie.

Dette er dei overordna retningslinene for dei hovudtema kvar enkelt avdeling og anlegg skal legga vekt på. Innanfor desse hovudansvarsområda har kvar avdeling ansvar for å utvikla og detaljera dei enkelte utstillings og formidlingstema.

Det er viktig med open informasjonsflyt mellom avdelingane og eventuelle nye tema skal avklarast i leiargruppa og forankrast i leiinga.

I neste kapittel fylgjer ei skildring av kva for tema dei enkelte anlegga skal ha ansvar for og fokus på i si formidling i planperioden. Utgangspunktet for inndelinga er det unike ved kvart anlegg, både historisk og geografisk. Anlegga skal bli gode og attraktive opplevingsarenaer utifra eigne føresetnadar.

Dessutan bør museet vere merksam på nasjonale og internasjonale markeringar som finn stad i planperioden. Desse kan vera rettleiande for enkelte av formidlingstiltaka.

#### Aktuelle markeringar:

##### 2012

- Hulda Garborg 150 år
- Tungenes fyr 150 år

##### 2013

- Det Norske Teatret 100 år
- Allmenn stemmerett 100 år
- Språkåret 2013 / Ivar Aasen 200 år

##### 2014

- Grunnlovsjubileet (200 år)
  - "Linjer i leire" – fellesprosjekt mellom Hå gamle prestegard, Dalane folkemuseum og Jærmuseet
  - "Kystreisa" (arbeidstittel) – fellesprosjekt i Kystvermusea

##### 2015

- FNs millenniumsmål/Kampen mot fattigdom

#### Tiltak:

- Fastsetja kva tema avdelingane og dei lokale anlegga skal prioritera som formidlingstema. Leiargruppa har ansvar for gjennomføring.
- Avdelingane lagar meir detaljerte planar/oversiktar for formidlinga ved si avdeling. Avdelingsleiar er ansvarleg for gjennomføring.

## 1.6 Utstillingar

Jærmuseet har fleire hovudtypar utstillingar.

- Faste utstillingar
- Temporære utstillingar
- Miljøutstillingar i dei antikvariske anlegga, inkludert naturen og kulturlandskapet rundt
- Ambulerande vitensenterutstilling (SC)
- Vandreutstillingar
- Nettutstillingar

**Faste utstillingar** skal vara meir enn to år. Jærmuseet legg til grunn at desse skal bygga på:

- Interaktivitet
- Tverrfaglegheit, særleg integrera og visa samanhengar mellom naturvitenskap og kulturhistorie
- Solid fagleg fundament, skaffa fram gjennom eigeninitiert forsking og dokumentasjon, eller i samspel med eksterne fagmiljø
- Lokal og regional forankring
- Samtid og fortid i samspel

Dei faste utstillingane er bygd opp rundt fleire deltema og legg vekt på å få fram samanhengen mellom natur, kultur, teknologi og samfunn slik at ein betre kan skjøna dei drivkraftene som har forma det Jæren me opplever i dag.

**Temporære utstillingar** er utstillingar med varighet på inntil to år. Utstillingsperioden kan variera, nokre står gjennom fleire månader, andre kan vera knytt opp mot eit arrangement og står berre nokre dagar.

Temporære utstillingar kan vera både eigenproduserte og innleigde.

**Vandreutstillingar** er utstillingar som ikkje er bundne til eit lokale eller ein stad, men som kan flyttast utan at kvalitet eller innhald blir forringa. Vandreutstillingar er viktige fordi dei set museet i stand å driva formidling der publikum er. Vandreutstillingar er utfordrande p.g.a. begrensingar i forma: Vandreutstillingar kan bli arbeidskrevjande dersom formidlar, teknikar eller montør må følgja med.

**Nettutstillingar** er tematiske presentasjonar på internett. Nettutstillinga kan ha uavgrensa tilgjenge og varighet.

Nettutstillingar kan vera dagsaktuelle og ta opp andre tema enn dei som er eigna til "fysiske" utstillingar. Nettutstillingar kan også utfylla og vera eit supplement til dei andre museumsutstillingane. Musea vert frå nasjonalt hald oppmoda til å i aukande grad nytta Internet som formidlingsarena.

### Tiltak:

- Fokusera på samsvar mellom marknadsføring / reklame og det som er tilgjengeleg for publikum
- Grundig vurdering av utstillingsform
- Opparbeida gode rutinar for betre ressursutnytting i utstillingsarbeidet
- Prosjektorganisering av utstillingsprosessane, også på tvers av avdelingane

- Søka eksterne midlar for å styrke utstillingsfinansieringa
- Evaluering av utstillinga i forhold til målsetjinga
- Auka fokus på nettutstillingar i planperioden
- Opparbeida / betra intern kompetanse for eigen produksjon av utstillingar
- Implementera målgruppetenking i utstillingsarbeidet og skapa / sikra samsvar mellom utstillingar og målgrupper

## **1.7 Pedagogiske opplegg**

**Mål:**

***Gi auka kunnskap og forståing om natur, kultur og teknologi, og samanhengen mellom desse.***

### **Pedagogisk plattform – "Læra ved å gjera"**

Jærmuseet er både regionalt vitensenter og museum. Kombinasjonen av museum og vitensenter opnar for å knytta naturvitakaplege eksperiment og aktivitetar saman med kulturhistoriske problemstillingar forteljingar. Dette gjer det mogleg å knytta fleire fagområde og kontekstar saman når ein lager pedagogiske opplegg.

Det er knytt statlege føringar til det å vera regionalt museum og vitensenter. Som museum har organisasjonen føringar knytt til Stortingsmelding nr. 49/2008-2009 *Framtidas museum*. *Som vitensenter er Jærmuseet styrt av "Eit felles løft for realfaga", Regjeringens tiltaksplan 2007/08*, og påfylgjande oppdateringar.

Pedagogiske opplegg frå Jærmuseet bygger på prinsippet om "å læra ved å gjera". Målet med dette er knytta saman teoretisk og praktisk erfaring.

I formidlinga står deltaking, aktivitet og utforsking sentralt. Denne formidlingsforma bygger på ei brei pedagogisk plattform, som gir dei ulike avdelingane moglegheit til å setja sitt særpreg på undervisninga.

### **Fagleg forankring**

Jærmuseet skal ha pedagogiske opplegg som er tilpassa heile utdanningsløpet. Jærmuseet sine opplegg skal ha fagleg forankring i gjeldande læreplanar.

Med dette meiner ein opplegg for barnehage, grunnskule, vidaregåande skule og høgare utdanning. Det er viktig at det er samanheng mellom dei pedagogiske opplegga som Jærmuseet tilbyr og det som er innhaldet i skulen.

Det er også viktig at dei pedagogiske opplegga er knytt opp mot tematikk og /eller eksperiment i Jærmuseet sine utstillingar.

Det er viktig at desse opplegga omhandlar tema som følger planane for dei ulike stega i utdanningsløpet, og at ein endrar opplegga når det kjem nye læreplanar.

For barnehage gjeld :

- Rammeplan for barnehagens oppgåver og innhald

For grunnskulen og vidaregåande skule gjeld:

- L06 Kunnskapsløftet.

Den kulturelle skulesekken:

Mål og prinsipp for Den kulturelle skulesekken (DKS) finst i Stortingsmelding nr. 38 (2002 - 2003) *Den kulturelle skulesekken* og Stortingsmelding nr. 8 (2007 - 2008) *Kulturell skulesekk for framtida*. Som hovudmål skal den kulturelle skulesekken medverke til at alle elevar i skulen skal få eit profesjonelt kunst- og kulturtilbod. Jærmuseet ligg inne som eit generelt tilbod under kulturarv i tilbodskatalogen til DKS Rogaland, men har også eigne utarbeidde DKS-opplegg som ligg under dei pedagogiske opplegga for kvart anlegg i denne planen.

### **Kompetanse og kvalitet**

Det er viktig at Jærmuseet har høg kvalitet på dei pedagogiske opplegga, og at dei blir konstant evaluert og forbetra.

Høg kvalitet på formidlinga føreset god fagleg kompetanse hjå pedagogane, og at personalet jamnleg får styrka og utvida kompetansen.

Det er viktig for kvaliteten på formidlinga at pedagogar og formidlarar får nok tid til førearbeid, etterarbeid/evaluering og utvikling av nye pedagogiske opplegg. Det er også svært viktig å ha ein god dialog med brukarane.

For å ha høg kompetanse er det viktig med samarbeid med sterke fagmiljø f.eks universitet/høgskular, andre vitensenter, offentlege etatar m.m

Jærmuseet skal også vera ein ressurs for skulane. Dette betyr at ein mellom anna tilbyr kompetanse, lærarkurs, utstyr og gjenstandar som skulane ikkje har sjølve.

### **Tiltak**

- Tilstrekteleg tid til planlegging, utføring, etterarbeid, evaluering, utvikling av nye pedagogiske opplegg og fagleg oppdatering.
- Vidareutvikla samarbeid med universitet og andre institusjonar

**Jærmuseet har ein eigen plan for formidling til barn og unge som utdjupar og konkretiserer formidlinga på dei enkelte anlegga.**

### **1.8 Aktivitetar**

Jærmuseet har mange besökande. Det er eit ønskje at dei som kjem til museet skal få lyst til å besøka anlegga fleire gongar. Då er det viktig at anlegga fornyar seg og jamleg presenterer noko nytt. Mange ynskjer aktivitetar og enkelthendingar i tillegg til utstillingane. Difor er det viktig å arbeida systematisk med utviklinga av aktuelle aktivitetar ved anlegga.

Det finst ulike typar aktivitetar ein kan legga opp til. Døme kan vera omvisingar, føredrag, konsertar, aktivitetsdagar m.v. Felles for alle aktivitetane er at dei krev tilrettelegging, både før, samtidig med og etter at publikum har vore innom. For å halda god kvalitet på dei aktivitetane me tilbyr må Jærmuseet setta av ressursar i form av tid, pengar og personale til å ta seg av gjennomføringa.

Aktivitetar kan vera heilt i museets eigen regi, eller som samarbeidsarrangement med eksterne partar. Eit tredje alternativ er at museet sine anlegg vert brukt som arena for ein ekstern part sine aktivitetar. I dei tilfella der eksterne aktørar står for aktivitetar og arrangement så bør desse tilføra museet ressursar. Anlegga er eksklusive arenaar, og me må legga opp til ei inntening som gjer at me går i pluss på slike enkelthendingar.

Aktivitetane skal dessutan bidra til å forsterka folk si oppfatning av kva som er tema for kvart anlegg, og kva ein kan forventa å møta der. I og med at aktivitetar er basert på det som skjer "her og nå" så er slike formidlingsformer særskilt godt eigna til å gjera stoffet dagsaktuelt. I tillegg kan ein skreddarsy aktivitetar til avgrensa målgrupper. Ideelt sett bør aktivitetane bidra til å skapa nyfikne også for basisutstillingane.

Ei aktuell problemstilling er at museet i mange tilfelle må prioritera mellom inntekstgjevande arrangement og aktivitet i eigen regi.

## 2. Formidling ved dei ulike anlegga

### 2.1 Vitenfabrikken

#### Om anlegget

Vitenfabrikken er eit unikt vitensenter og museumsanlegg sentralt plassert i Sandnes sentrum. Hovudbygget stod ferdig i 2008 og vart med ein gong eit signalbygg i byen. Vitenfabrikken er bygd saman med delar av sykkelfabrikken til Jonas Øglænd og utgjer saman med Krossen havremølle og møllemeisterbustaden museumskvartalet i Sandnes. Museumsdelen skal realiserast gjennom byggetrinn 2, der ein ser på ei sterkare implementering av kulturhistoria i vitensenteret. I tilknyting til dette er det også planar om vitenpark. Museet har store samlingar som dokumenterer firmaet Jonas Øglænd, med sykkel, konfeksjon og handel. I tillegg kjem industrisamlingar på keramikk, kjøkkenutstyr, møbler, jernvare mm – som dokumenterer den store forbrukswareproduksjonen på 1900-talet.

Dei faste utstillingane i Vitenfabrikken er Abels skissebok og Alle Teller, i planetariet har ein eigne undervisningsopplegg, stjernevisingar og filmar. Vitenfabrikken har også auditorium som vert brukt til faste populærvitskaplege foredrag. Dei moderne fasilitetane gjer at Vitenfabrikken er mykje nytta i kurs- og konferansesamanheng, og vert av byen sett og brukt som eit kulturhus med mykje aktivitet

I tillegg til Vitenfabrikken og museumskvartalet har Jærmuseet ansvar for Thranegården som er ein tidlegare embetsmannsgard. Anlegget er frå 17- og 1800-talet og er freda, og er i dag utleidt til privat galleriverksemd.

Elles ligg seks småbygningar på rot også under Jærmuseet sitt ansvar, dette dreier seg om kvernhus, treskehjulshus og snekkerverkstad som ligg spreidd rundt i Sandnes kommune.

#### Formidlingstema for Vitenfabrikken

- Abels skissebok: Samanhengen mellom teknologi, naturvitenskap og kunst
- Astronomi
- Matematikk
- Regional industrihistorie
- Sandnes byhistorie
- Energi og miljø

- Vatn
- Materialar
- Logistikk

## Prioriterte formidlingstiltak i planperioden

### 1. Utstillingar

- Minst 1 temporær utstilling per år (sommarutstilling)
- Minst 2 utstillingar frå lokale samarbeidspartar per år
- Foucaults pendel ferdig januar 2012
- Togbanen ferdig vår 2012
- Ferdigstille byggetrinn 2, med Sandnes byhistorie og regional industrihistorie dersom finansieringa går i orden
- Ferdigstille vitenpark dersom finansieringa går i orden
- Innkjøp av 1 ny planetariefilm per år
- Ny delutstilling energi og miljø i 2013
- "Linje i leir" utstilling om keramisk produksjon i Rogaland i 2014

### 2. Pedagogiske opplegg

- 5 formidlingstilbod til barnehagar
- 7 formidlingstilbod til 1. – 4. trinn
- 13 formidlingstilbod til 5. – 7. trinn
- 9 formidlingstilbod til 8. – 10. trinn
- 12 formidlingstilbod til vidaregåande
- Det vil i perioden bli arbeidd med utvikling av formidlingsopplegg til prosjekta om "Energi og miljø", "Marsroboter" og "Akvavit"

### 3. Aktivitetar

- Minst 4 aktivitetsdagar per år: mølledag, sykkeldag, stjernedag og leiredag
- MMS (Music Meet Science), prosjekt i 2012: 4 seinkveldar for unge vaksne
- Juleverkstad for vaksne
- Populærvitenskaplege foredrag kvar torsdag også i samarbeid med andre
- Aktivitetspakkar til SFO og feriekubbar i skuleferiane

### Krav til ressursar

- Ny teknikar, til utvikling og vedlikehald av utstillingar
- Prosjektleiar for byggetrinn 2 og vitenpark
- Stilling som kan vidareutvikla nettilbodet, både nettutstilling og interaktive aktivitetar på nett, gjerne felles for Jærmuseet.

## 2.2 Vitengarden

### Om anlegget

Vitengarden er Jærmuseet sitt første museumsanlegg med fokus på nyare norsk jordbruk, særleg med vekt på Jæren. Anlegget har utstillingar om kulturlandskapet på Jæren, byggeskikk, utviklingsliner i jordbruket og lokal reiskapsindustri. Basisutstillingane er bygd opp rundt fleire deltema og legg vekt på å få fram samanhengen mellom natur, kultur og teknologi slik at ein betre kan skjøna dei drivkreftene som har forma det Jæren me opplever i dag. Av samlingar kan nemnast ei unik samling jordbruksrelaterte reiskap. Vitengarden ligg ved Hanabergsmarka kulturminne- og friluftsområde med eit unikt kulturlandskap og gode turmoglegheiter. Kvia 4H-gard, med miljøutstilling, hører også med til museumsanlegget og dyrehald er ein viktig del av publikumstilbodet. Det vert jobba med genbevaring, og arbeidet med å få i stand eit studiemagasin er starta. Vitengarden er regionalt vitensenter saman med Vitenfabrikken og Science Circus. Det historiske gardsanlegget Audamotland ligg like ved Vitengarden.

### Formidlingstema for Vitengarden

- Samanhengar mellom teknologi og naturvitenskap, og eldre og moderne jordbruk på Jæren, inkludert matproduksjon og –tradisjonar
- Endringar i kulturlandskapet i regionen
- Reiskapsproduksjon og anna industri som tilhøyrer jordbruket
- Alternativ energi knyta til jordbruket, særleg vindkraft og biogass

### Prioriterte formidlingstiltak i planperioden

#### 1. Utstillingar

- Audamotlandsgarden opnar for allment publikum og blir ein integrert del av formidlingstilbodet. Naturfagrommet i fjøsen blir sett i stand.
- Det er laga ein plan for vidareutvikling av *men mat må me ha*.
- Kvia 4-H gard blir ein integrert del av utstillinga *men mat må vi ha*. Gjødsel/biogassrommet opnar. Det er lagt til rette for at publikum får betre kontakt med dyra, hagen blir oppgradert.
- Geologitemaet er vidareutvikla.
- Det er laga ein plan for studiemagasinet.
- Ein har starta etableringa av landskapslaboratoriet.
- Minst ei større temporær utstilling i planperioden
- 

#### 2. Pedagogiske opplegg

- Det blir utvikla tre nye pedagogiske opplegg i samarbeid med aktørar i matindustrien.
- Det blir utvikla eit pedagogisk opplegg kring Audamotlandstjørn og følgjene av næringshaldig utslepp til vatn og vassdrag/gjødselbruken på Jæren og produksjon av biogass
- Det blir utvikla eit pedagogisk opplegg i tilknyting til landskapslaboratoriet.
- Det er utvikla pedagogiske opplegg til Kvia Matakademi.
- Det blir utvikla eit pedagogisk opplegg innan geologi

I tillegg blir det gjennomført to lærarkurs i året, tema og opplegg har tilknyting til utstillingane.

### **3. Aktivitetar**

- Det blir årleg gjennomført mellom 12 og 14 aktivitetsdagar i samarbeid med eksterne aktørar.
- Gjennomfører 4H-Matskule to gonger i året.
- Forset satsinga på feriekubbar
- Gjennomfører arrangement for å markere Årets Nygjerrigper og Unger Forskarar.

### **4. Ressursbehov**

- Auka kompetanse innan geologi

## **2.3 Science Circus**

### **Om anlegget**

Science Circus er eit omreisande vitensenter som besøkjer grunnskulane i Rogaland, Aust-Agder og Vest-Agder. Det har ei interaktiv utstilling som til vanleg blir montert i gymsalar og likanande. Utstillinga kan også stå for seg sjølv og blir tilbydd som vandreutstilling til dømes til andre museum. Målsettinga er å pirra nysgjerrigheita og undringa til barn og ungdom innan naturvitenskap og matematikk gjennom show, interaktive eksperiment og undervisning.

### **Formidlingstema for Science Circus**

- Naturvitenskap
- Matematikk
- Astronomi

## **Prioriterte formidlingstiltak i planperioden**

### **1. Utoverretta verksemد**

- Gjennomføra undervisningsopplegg på 50 skular per år
- Tilby opplegg til skular i Agdefylka to veker per år
- Lærarkurs. Halde minst 4 kurs i året

### **2. Pedagogiske opplegg**

- Utvikla og fornya opplegg innan astronomi, elektronikk, kjemi og fysikk.

### **3. Aktivitetar**

- Vera til stades på minst to eksterne arrangement per år.
- Vera med på vidareutvikling av undervisningsopplegg og eksperiment på Tungenes.
- Vera med på utvikling av undervisningsopplegg og eksperiment på FMS
- Vera med på utviklinga av "Vindsenteret" i Bjerkreim

### **4. Ressursbehov**

- Utviding til to årsverk
- Bil og tilhengar

## 2.4 Tungenes fyr

### Om anlegget

Tungenes Fyr ligg ved innseglinga til Stavanger, i Randaberg kommune. Området rundt anlegget er eit populært turområde. Anlegget består av fyrbrygg, uthus, fyrvoktar- og fyrbetjentbustad. Uthuset har rom for skiftande utstillingar. Det freda fyrbrygget frå 1862 inneheld ei miljøutstilling som syner korleis fyrvaktaren og hans familie budde på 1930-talet. Anlegget har kafe og rom for utleige til arrangement. Av samlingar har Tungenes Fyr ei rekke måleri etter Oskar Sørreime i tillegg til ei samling båtar, båtmotorar, fiskereiskap og anna sjøbruksutstyr som har vore utstilt i Sjøbruksmuseet i Tungevågen.

Det er planar om å oppretta eit maritimt vitensenter i samband med Tungenes Fyr / Sjøbruksmuseet.

Tungenes Fyr er ein del av Kystverkmusea. Kystverkmusea er i ferd med å utarbeida ein eigen formidlingsplan for alle sine anlegg.

### Formidlingstema for Tungenes Fyr

- Lokal fyrmuseum
- Formidling knytt til nasjonalt ansvar for lostenesta og trafikksentralane til sjøs
- Navigasjon
- Sjøbruk og fiske og utnytting av strandressursane lang Jærkysten

### Prioriterte formidlingstiltak i planperioden

#### 1. Utstillingar

- Utarbeide utstillingar og eksperiment til eit maritimt vitensenter
- Lage temporære utstillingar av utstillingane og eksperimenta nemnt ovanfor
- Låna inn temporære utstillingar med relevante tema
- Nyopninga av Sørreimesamlinga i 2012

#### 2. Pedagogiske opplegg

- Fyrlyset sin historie
- Mat frå fjøra
- GPS-navigasjon

#### 3. Aktivitetar

- Minst 6 arrangement/aktivitetsdagar i året

#### 4. Ressursbehov

- Utviding av pedagogstillinga med 50 prosent til ei full stilling

## 2.5 - 2.11 Temamusea

Temamusea er organiserte i Jærmuseet si nyopprettet avdeling **Bygningsvern og temamuseum**. Tre av anlegga er allereie temamuseum: Flyhistorisk Museum Sola, Rogaland Krigshistorisk Museum og Varden Sjøredningsmuseum.

For dei andre musea er det eit mål i planperioden å vidareutvikla miljøutstillingane i heimahusa og uthusa. Planen skal leggja vekt på variasjon mellom anlegga og balansera mellom formidling (bruk) og vern.

Aktuelle tema kan t. d. vera:

- Grødalastunet - Den jærske storgarden
- Haugabakka - skule/administrasjon
- Limagarden - saue- og husflidsgarden
- Vistnestunet – sjøgarden.

Alle anlegga har i dag velfungerande undervisnings- og formidlingsopplegg for skulen og aktivitetsdagar med opplegg retta mot det allmenne publikum. Dette vil bli vidareført, men også utvikla og tilpassa nye tema.

I det følgjande er nokre nye tiltak lista opp. Men det vil komma fleire endringar etter kvart som arbeidet med spissing av tema på kvart einskild anlegg skrid fram.

Museet har dei siste åra laga tre nye utstillingar på Haugabakka som etterpå har blitt flytta til andre formidlingsanlegg i museet, dvs. utstillinga er planlagt som vandreutstilling. Denne modellen vil bli vidareført.

## 2.5 Varden Sjøredningsmuseum

### Om anlegget

Varden sjøredningsmuseum ligg på området til Ogna Camping, i eit enkelt bygg frå 1970-talet. Museet vart oppretta for å dokumentera og ta vare på utstyret til redningsstasjonane på Jæren. Hovudgjenstanden i samlinga er redningsbåten Tryg. Bygget inneholder i tillegg ei utstilling om forlis og redningshistoria på Jæren.

Anlegget held ope på aktivitetsdagar og etter avtale.

Medlemmar i Hå Historielag og Jæren kystlag m.fl. er aktivt med i drifta både på aktivitetsdagar, omvisingar og i undervisningsopplegg. Museet ligg i eit variert terren, akkurat på grensa mellom flate Jæren og det kuperte Dalane. Her er flotte turmulegheiter med kort veg til sjøen, sandstrender og landskapsvernområde med eit rikt fugle- og planteliv. Nordsjøsykkeleruta er merka rett gjennom området.

### Formidlingstema for Varden

- Sjøredning før og nå:
  - Redningsstasjonane, utstyret, mannskapet

- Forlis langs Jærkysten.
- Utgangspunkt for naturvandringar

## Prioriterte formidlingstiltak i planperioden

### 1. Utstillingar

- Fornying av den faste utstillinga i Varden -klar til opning i mai 2012.

### 2. Pedagogiske opplegg

- "Langs farleg stronn" - om å ferdast på havet og bu langs kysten i storm og uvær.
  - Forteljing og samtale inne i museet.
  - Aktivitetar; redningsstol, reperbane, linekasting m. m. utføre

### 3. Aktivitetar

- Ein familieday per år. Aktivitetar på land i området rundt museet. I samarbeid med Jæren Kystlag, Hå Historielag, Sirevåg Dykkarklubb og Ogna Camping.
- Einstørre aktivitetsdag kvart 5. år der me syner det gamle redningsutstyret brukt til redning i sjøen, og moderne sjøredning med helikopter og redningsskøyte.

Neste gong vil verta i 2014.

### 4.Ressursbehov

- Gjerne tre museumsansatte på aktivitetsdagar
- Mange frivillige

## 2.6 Grødal

### Om anlegget

Grødal tilhørde tidlegare Hå bygdemuseum og er eit av dei finaste og best bevare gardsanlegga i Rogaland. Anlegget er eit museum "på rot". Det ligg mot sjøen og er ei unik ramme for forteljingar frå gamle Jæren, ikkje minst dramatisk forlis- og redningshistorie.

I løene kan ein sjå spor etter denne historia i reisverket, og i husa finn ein skipsplank på golvet og fleire av vindauge kjem frå skip. Garden inneheld miljøutstillingar som syner korleis folk budde frå ca. 1850 til ca. 1920.

I Toreløa er det plass til skiftande utstillingar.

Anlegget er sesongope dels med frivillige vakter. Om sommaren er det feriekubb for barn. Det er ein konflikt mellom bruk og vern av anlegget.

### Formidlingstema for Grødal

- Gardslivet på "gamle Jæren"
- Byggeskikk/ jærhuset; samanheng mellom forlis og bygningar
- Garnbinding og –bøting, reipslaging
- Hagebruk, handverk og mattradisjonar.

## Prioriterte formidlingstiltak i planperioden

### 1. Utstillingar

- Utvikla løene til rom for utstillingsføremål/med utstilling?
- Utvikla ny utstilling i ei løe?
  - Sildautstilling i Gamlaløa i 2012
  - Fullføra fotoutstillinga - Aadne Stangeland i Toreløa.
- Torvutstilling i den søre skuten i Gamlahuset.

### 2. Pedagogiske opplegg

- Bygda mi i "gamle dagar"
- Grødaland – husa og folka
- Utvikla nye opplegg saman med det pedagogiske personalet.

### 3. Aktivitetar

- Innreiie nytt rom for aktivitetar?
  - Oppgradera "snekkerverkstad" i Toreløa
  - "Leikerom" i Gamlaløa. Hus og fjos med innreiing, reiskap og utstyr som er kopiar eller gjenstander motteke og registrert "til bruk"
- Fire aktivitetssundagar i samarbeid med Hå Historielag m.fl.
- Ein aktivitetssundag i samarbeid med Nærbo bygdekvinnelag og Vigre 4H m.fl.
- Fireveker feriekubb i skuleferien i samarbeid med Hå Kulturtorg

### 4.Ressursbehov

- Mange frivillige
- Økonomi til å utvikla temautstillingar

## 2.7 Haugabakka

### Om anlegget

Haugabakka ligg sentralt plassert i eit bustadfelt i Klepp. Anlegget består av eit Jærhus frå 1852 og det såkalla "Folgehuset", ei Sandneskasse frå 1906. Jærhuset har tidlegare vore nytta som skule, lærarbustad og deretter kommuneadministrasjon. Jærhuset rommar ein kombinasjon av miljø- og gjenstandsutstilling og rom for skiftande utstillingar.

Folgehuset blir nytta til skiftande kunstutstillingar, kulturkveldar og ulike møte for lag og foreningar. Huset blir og nytta som undervisningsrom for skuleklassar som besøker museet. Klepp historielag og Klepp kunstforeining er viktige samarbeidspartar i samband med formidlinga ved anlegget. Haugabakka var tidlegare bygdemuseum for Klepp kommune. Samlinga knytt til anlegget kan karakteriserast som ei typisk bygdesamling med "litt av alt".

### Formidlingstema for Haugabakka

- Vil bli avklart i prosessen med spissing av tema.

## Prioriterte formidlingstiltak i planperioden

### 1. Utstillinga

- Ei skiftande utstilling årleg i samarbeid med Klepp Historielag og andre frivillige
- Utvikla utstillingar i tråd med overordna formidlingstema

### 2. Pedagogiske opplegg

- Eit opplegg i samband med den årlege utstillinga.
- Mat. Fugl. oa.

### 3. Aktivitetar

- Minst ein aktivitetsdag i samarbeid med eksterne aktørar per år.
- Minst to arrangement i samarbeid med eksterne aktørar per år.

### 4. Ressursbehov

- Frivillige
- Økonomi til å lage basisutstillingar i tråd med tema

## 2.8 Limagarden (og anlegga rundt Limavatnet)

### Om anlegga

Limagarden ligg ved Limavatnet i Gjesdal kommune og er eit gardstun med bygningar frå 1800-1839. Garden ligg i eit vakkert og karakteristisk kulturlandskap prega av beite og med utsyn over Limavatnet. Rundt vatnet ligg fleire bygningar som er knytt til anlegget, til dømes ei ljåfabrikk. Gjesdal er kjent som husflids- og handverkarbygda på Jæren. Limagarden er ei god ramme for å fortelja om samanhengen mellom produksjon av ull og tilverking av garn og tekstilprodukt.

Blekkhuset er planlagt brukt til utstillingslokale for bygdesamlingane. Gamleløa inneheld gamle reiskapar og er eigna for å demonstrera tresking av korn m.v. I Baksehuset (brønnhuse)t har det tidlegare vore mataktivitetar. Om sommaren er det feriekubb på Limagarden.

Det er ei utfordring at husa rundt Limavatnet ligg relativt avsides til. Det er og ei utfordring å ha nok personale til å ta seg av publikum. Samstundes er det ei konflikt mellom bruk og bevaring av bygga.

### Formidlingstema for Limagarden

Vil bli avklart i prosessen med spissin av tema, men me rekner med at følgjande vil bli vidareført:

- Aktivitetar knytt til Limavatnet (ferskvatn)
- Mataktivitetar
- Heimeproduksjon av ullklede og stoff.

## Prioriterte formidlingstiltak i planperioden

### 1. Utstillingar

- Ny utstilling i Blekkhuset av gjenstandar frå bygdesamlinga, ferdig i 2013.
- Utvikla utstillingar i tråd med overordna formidlingstema

### 2. Pedagogiske opplegg

- Fiske. Pleie av kulturlandskap. Safting og sylting. Byggeskikk
- Limavatnet rundt. Frå ull til tråd. Jul i gamle dager. (Skule og landbruk sine opplegg)

### 3. Aktivitetar

- Lemming, mest for barnehagar.
- Hage-, urte- og handverksdag
- Fiskedag.
- Dessutan er ein 4-H dag og utleige til ymse kurs.

### 4. Ressursbehov

- Samarbeid med Skole og landbruk.
- Økonomi til å lage basisutstillingar i tråd med tema

## 2.9 Vistnestunet

### Om anlegget

Vistnestunet er ein kystgard som ligg i Randaberg kommune og har ei unik plassering – på landet, nær byen. Bygningane inneheld ei miljøutstilling som syner eit typisk gardsmiljø frå slutten av 1800-talet. Det høyrer både innmark og utmark til anlegget, og det vert halde dyr. Ein av bygningane er eit jærhus der byggeskikken er tilpassa naturtilhøva. Anlegget inneheld også ein operativ vindmaskin.

Om sommaren vert det arrangert feriekubb for barn. Området rundt Vistnestunet inneheld eit rikt plante- og dyreliv og vert mykje brukt av turgåarar.

### Formidlingstema for Vistnestunet

- Samspelet mellom gardsdrift og kystkultur
- Biologi i kystnær skog og utmark

## Prioriterte formidlingstiltak i planperioden

### 1. Utstillingar

- Vil bli avklart i prosessen med spissin av tema.

### 2. Pedagogiske opplegg

- Byggeskikk. Laft eit jærhus
- Sau og lam. Karding av ull og plantefargning.

- Utledag i skogen
- Fuglearter i nærområdet.

### **3. Aktivitetar**

- Randaberg kommune har ansvaret for aktivitetsdagar, formidling til barnehager, lag og foreiningar og private arrangement

### **4.Ressursbehov**

- 0,5 pedagogstilling
- 0,5 stilling som museumsbonde

## **2.10 Flyhistorisk Museum Sola**

### **Om anlegget**

Museet ligg i Sola kommune ved Stavanger Lufthavn og disponerer 2/3 av ein bevaringsverdig hangar i sjøflyhamna der. Her disponerer museet også kontor og lagerlokale i ei brakke rett ved. Bygningane blei sette opp av tyskarane under 2. verdskrig. Det er eit autentisk anlegg med ei unik samling fly som dekker både sivil og militær luftfartshistorie. Frivillige har bygd opp museet og halde anlegget ope for publikum.

Frå 1. januar 2012 overtar Jærmuseet driftsansvaret. Jærmuseet har sidan 1997 hatt ein konservator som har utført museumsfagleg arbeid for FMS. Dette har m.a. resultert i at museet har fleire vitensenterekspert knytte til flyging og kreftene i lufta.

Sola kommune ønskjer ei samlokalisering av Flyhistorisk Museum og Krigshistorisk Museum i Sømmevågen.

### **Formidlingstema for Flyhistorisk Museum Sola**

- Civil og militær, lokal og regional luftfartshistorie
- Samferdsel og kommunikasjon
- Teknologi og naturvitenskap knytt til luft og flyging

### **Prioriterte formidlingstiltak i planperioden**

#### **1. Utstillingar**

- Opprusting av dei eksisterande utstillingane, med ny grafisk profil.
- Utarbeida plan for utvikling av utstillingane (tema m.v.)
- Tilføre minst eitt nytt vitensenterekspert/interaktiv stasjon
- Ei temporær utstilling per år

#### **2. Pedagogiske opplegg**

- "Leik med luft"
- Utvikla undervisingsopplegg for minst eitt nytt tema (barnetrinnet)
- Utvikla eit undervisningsopplegg for ungdomstrinnet

### **3. Aktivitetar**

- minst ein aktivitetsdag per år
- minst to aktivitetsdagar/arrangement i samarbeid med venneforeininga og andre frivillige per år.

### **4.Ressursbehov**

- Felles pedagogstilling for FMS og RKM
- Økonomi til å rusta opp og utvikla utstillingane.

## **2.11 Rogaland Krigshistorisk Museum**

### **Om anlegget**

Rogaland Krigshistorisk Museum held til i den tidligare Soma militærleir i Sola kommune.

Utstillingane syner liv og kvardag i lokalsamfunnet under 2. verdskrig, inkludert motstandsarbeidet og tilhøva for jødane. Museet har ei stor samling militære køyretøy og tyngre militært utstyr. I tillegg inneholder samlingane ei omfattande mengd intervjuemateriale, arkiv og foto.

Dette er eit godt utgangspunkt for framtidig forsking og formidling. Tema for formidlinga må spissast i forhold til andre institusjonar som omhandlar militær historie.

Sola kommune ønskjer ei samlokalisering av Flyhistorisk Museum Sola og Rogaland Krigshistorisk Museum i Sømmevågen.

Planarbeid for dette manglar og forhold knytt til eigedom og vegplanar er uavklart.

### **Formidlingstema for Rogaland Krigshistoriske Museum**

- Lokal krigshistorie og kvardagsliv under 2. verdskrig (opprusting av utstillingar /spissing av tema)
- Forsvarshistorie fram til i dag

### **Prioriterte formidlingstiltak i planperioden**

#### **1. Utstillingar**

- Utvikla grafisk profil og tilpasse den til eksisterande utstilling.

#### **2. Pedagogiske opplegg**

- Uvikla undervisningsopplegg for ungdomstrinnet
- Vurdera opplegg for 6.-7. trinn.

#### **3. Aktivitetar**

- Utvikla aktivitetsdag(ar) i samarbeid med venneforeininga.

#### **4.Ressursbehov**

- Felles pedagogstilling for FMS og RKM
- Økonomi til å rusta opp utstillingane.

## 2.12 Garborgsenteret

### Om anlegget

Nasjonalt Garborgsenter ligg plassert i sentrum av Bryne, i same bygg som Time bibliotek.

Anlegget inneholder ei utstilling om Hulda og Arne Garborg, deira liv, virke og visjonar.

Garborgsenteret er eit opplevelingssenter med fokus på formidling av og aktivitetar knytt til litteratur, språk, demokrati, kunnskap og skaparkraft. Utstillinga er ikkje gjenstandsbasert. Hovudmålgruppa for anlegget er unge vaksne i alderen 15 til 25 år.

Garborgsenteret har òg ansvaret for formidlinga ved Garborgheimen, Arne Garborg sin barndomsheim, og Knudaheio, Arne Garborg si skrivestove. Begge anlegga ligg usentralt til i Time kommune. Bygga inneholder historiske interiør.

Time mållag er ein viktig samarbeidspartner for formidling og for å halda bygningane opne for publikum.

### Formidlingstema for Garborgsenteret

- Arne og Hulda Garborg
- Litteratur og språk
- Demokrati og nasjonsbygging
- Religion, livs- og samfunnssyn
- Media

### Prioriterte formidlingstiltak i planperioden

#### 1. Utstillingar

- Opna fast basisutstilling om Arne og Hulda Garborg
- Minst tre temporære utstillingar per år
- Gjennomgang og mogleg revisjon av miljøutstillingar i Garborgheimen / Knudaheio

#### 2. Pedagogiske opplegg

- Rollespelet "Opprør" (VGS + ungdomsskule)
- Minst eitt pedagogisk opplegg for barneskule
- Minst eitt pedagogisk opplegg for ungdomsskule
- Minst eitt pedagogisk opplegg for vidaregåande

#### 3. Aktivitetar

- minst tre aktivitetsdagar per år
- minst fire arrangement per år

#### 4. Ressursbehov

- Oppbemanning til 7 årsverk i løpet av planperioden

### **3. Sambandet mellom forsking og formidling**

Formidlinga i Jærmuseet skal bygga på eit solid fagleg fundament, skaffa fram gjennom eigeninitiert forsking og dokumentasjon, eller i samspel med eksterne fagmiljø. I stortingsmeldinga *Framtidas museum* er det også lagt vekt på å styrka forskinga ved musea, og understreke at det skal vera sterke band mellom forsking/dokumentasjon og formidling. På den måten oppnår museet:

- Å synleggjera at det er ein vitskapleg institusjon med eigen kunnskapsproduksjon.
- Å styrka eigen legitimitet og posisjon som kulturinstitusjon.
- Å heva kompetansen blant dei tilsette ved museet.

I utviklinga av vitensenterutstillingane ved Vitengarden og Vitenfabrikken kom mykje av kunnskapen frå eksterne miljø. I planperioden har ein som mål å basera meir av kunnskapen på eigenprodusert forsking og dokumentasjon, særleg gjeld det i produksjon av nye/utvikling av gamle utstillingar. Samtidig skal vitensenterutstillingane integrera og visa samanhengar mellom naturvitenskap og kultur-/naturhistorie, innan naturvitenskap har ikkje museet eigen forskarkompetanse og vil vera avhengig av godt samarbeid med eksterne institusjonar. For å oppnå ei styrking av både forskinga og formidlinga ved museet skal ein i planperioden i større grad enn tidlegare bygga på eigen kunnskapsutvikling i formidlinga.

Parallelt med utarbeidninga av denne formidlingsplanen blir det og utarbeidd ein forskingsplan som går nærmere inn på behov for kunnskapsutvikling og dokumentasjon på dei enkelte avdelingane.

### **4. Publikasjonar**

#### **4.1 Årboka**

Jærmuseet har gitt ut årboka "Sjå Jæren" frå 1989. Redaksjonen har stort sett vore tilsette ved museet. Opp gjennom åra har boka hatt omhandla mange ulike tema. Årboka skal ha ei populærvitskapleg form og femna eit "breitt" publikum. Forfattarane har vore både fagfolk frå museum og universitet og lokalhistorikarar frå dei lokalhistoriske miljøa på Jæren. Årboka kan ta opp andre tema og er ei anna formidlingsform enn utstillinga. Har fungert som bindeledd / samarbeidsarena mellom Jærmuseet og frivillige

##### **4.1.2 Mål for årboksarbeidet i planperioden**

Avdeling Samling og dokumentasjon får ansvar for planlegging av årboksarbeidet. Dei skal:

- Utarbeida ein plan for innhald/tema i årboka for åra 2012 til 2016
- Sette opp plan for kva ressursar som skal nyttast til årboka i dei ulike åra

#### **4.2 Andre publikasjonar**

Jærmuseet har sidan 1996 gjeve ut serien *Jærskrifter* med fire nummer til nå. Det er bøker som presenterer eigne dokumentasjonprosjekt, forsking og fagbøker som er relevante for museet. Dette er skrifter med interne og / eller eksterne forfattarar.

I tillegg er tilsette med i ulike forskings- og dokumentasjonsprosjekt der dei publiserer artiklar i ulike tidskrift og bøker.

#### **4.2.1 Mål for arbeidet i planperioden**

Utarbeida mål og plan for nye publikasjonar og tema. Vurdera andre formidlingsformer enn boka, spesielt nettutstillingar knytt til eiga nettside, digitalt museum og Fotonett Rogaland si nettside.